







RULLERING AV HANDLINGSPROGRAM 2023

		Nærmiljøanlegg merka grått	HPR = Handlingsprogram	
		ÅKE = Ålesund kommunale eigedom KF	MS = Miljø og samferdsel KDU = Kommunedelsutval	
Innsendar	Gjeld tiltak	Status før behandling	Søkar si målsetting med innspelet	Kommunedirektør sine kommentarar
1. Ålesund golfklubb	Rehabilitering 3 greenområder, Solnør Gaard golfbane.	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR, kortsiktig prioritert del.	Blir tatt opp i kortsiktig del.
	Rehabilitering vatningsanlegg, Solnør Gaard golfbane.	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR, langsiktig uprioritert del.	Blir tatt opp i langsiktig del.
	Rehabilitering sikringsnett, treningsrange m.a., Moa golfsenter.	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR, kortsiktig prioritert del.	Blir tatt opp i kortsiktig del.
2. Ungdomsrådet	Ishall/ishockeyhall.	Nemnd i HPR, både i kortsiktig og langsiktig del.	Framheld at planen har mange gode tiltak, både på kort og lang sikt. Støttar planar for ishall/ishockeyhall og ser føre seg at lokalisering av ein hall godt kan desentraliserast.	Tatt til vitande Over fleire tiår og gjennom ulike medverknadar er ishall nemnt som den anleggstypen som saknast mest i Ålesund kommune. Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2017 – 2021 stadfestar dette, samt nemner i 9,2 m.a. at behovet/tiltaket bør til nærare utgreiing, samt løftast til drøfting mellom aktuelle samarbeidande kommunar, som eit regionanlegg. Dette er ikkje gjort i delplanperioden. Ein valde i 2022 å leggje tiltaket inn på kortsiktig del for å tydeleggjere viktigheita av og behovet for eit slik anlegg, som ein region av Ålesunds størrelse bør ha som mål å etablere i løpet av det neste tiåret. Sjølv om anlegget ikkje er tatt med i økonomiplanperioden eller ulike dokumentkrav for inntak i HPR er til

Innsendar	Gjeld tiltak	Status før behandling	Søkar si målsetting med innspelet	Kommunedirektør sine kommentarar
				stade, løfta ein tiltaket til kortsiktig del for å aktualisere ishallbehovet.  Kommunedirektøren meiner at ein plassering av ishall i kommunal regi lyt vere ved eit sentralt knutepunkt. I så måte kan ishall godt sjåast i samanheng med ei evt. framtidig utreiing/utviding av Moa svømmehall, med tanke på sentralt knutepunkt og vekselbruk av energi.
3. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne			Har ingen merknad til saka.	Tatt til vitande.
4. Ålesund tennisklubb	Lysanlegg, utendørsbaner tennis, Hatlane.	Med i HPR langsiktig del, som del av «rehabilitering av dekke, utendørsbaner tennis, Hatlane».	Inntak i HPR kortsiktig, prioritert del.	Tiltak blir flytta frå langsiktig til kortsiktig del og endra til «Lysanlegg, utendørsbaner tennis, Hatlane.
5. Eldrerådet			Tek saka til orientering.	Tatt til vitande.
6. KDU - Ørskog	Tiltak nemnd i HPR, langsiktig del nærmiljøanlegg for kommunedel Ørskog.	Med i HPR langsiktig del.	Ber om at nærmiljøtiltaka i Ørskog blir prioritert.	Tiltaka blir ikkje løfta til kortsiktig prioritert del, før nokon tek tak i det enkelte tiltak og løfter dette i retning gjennomføring. Sjå krav til inntak i HPR kortsiktig del kva som må gjerast. Desse krava er ikkje innfridd.
7. KDU - Skodje	Turveg frå Stette/Grindvik til Digerneset.	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR. Samanhengande gang/sykkelveg/tursti frå Stette/Grindvik til Digerneset.	Bliar tatt opp i langsiktig del.
	Hundepark, Skodje/Straumen.	Ikkje med i HPR.	Hundepark i Skodje-området (evt. området Straumen).	Bliar tatt opp i langsiktig del. Kommunedirektøren meiner slik initiativ/etablering i kommunedelane i dei fleste høve lyt gjerast av frivillig organisasjon.
8. KDU – Vatne og Tennfjord	Lysanlegg, Ravn stadion.	Ikkje med i HPR.	At forslaga i handlingsprogrammet blir vidareført i handlingsdelen til kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i Haram kommune frå 2024.	Båe blir tatt opp i langsiktig del for 2023. Haram kommune lyt vedta eigen/eige plan/program frå 2024. Tiltak skal vere omtalt i ein kommunal plan for å vere rettkomen til å søkje om spelemidlar. Korleis planarbeidet blir gjort er Haram kommune sin sak då.
	Fotballhall for IL Ravn.			

Innsendar	Gjeld tiltak	Status før behandling	Søkar si målsetting med innspelet	Kommunedirektør sine kommentarar										
9. KDU – Indre Borgund	Større fleirbrukshall på Blindheim.	Ikkje med i HPR.	<p>Inntak i HPR.</p> <p>Framheld at bydelen er i sterk vekst, med auka antal born, noko som driv fram auka aktivitet på mange område.</p> <p>Meiner at infrastruktur og tilbod til born og ungdom ikkje står i forhold til vekst i bydelen.</p> <p>Vidare at Emblem IL og Blindheim IL har kapasitetsutfordringar med å møte utviklinga med målretta og relevante tilbod. KDU framheld mangel på hallkapasitet, og ønskjer at kommunen ser på planlegging og investeringsmidlar til dømes for ein større fleirbrukshall på Blindheim. Ber om at spørsmålet blir intensivert og prioritert av kommunen i framtidige handlingsplanar/program.</p>	<p>Indre Borgund har over tid vore eit av dei sterkaste vekstområda i kommunen når det gjeld folketal, og er også eit av områda der det er venta vidare vekst. Den generelle veksten i Ålesund kommune dei komande ti åra er likevel venta å vere moderat. Dette vil antakeleg også slå ut i Indre Borgund. Dei siste åra har talet personar i dei yngste aldersgruppene (0 – 19 år) på Blindheim, den mest folkerike skulekretsen, flata ut og vore svakt nedgåande. Samla sett for kommunedelen er folketala venta å auke med om lag 900 personar dei komande 10 åra. Veksten er likevel først og fremst venta i aldersgruppene over 35 år. Skulekretsane Emblem og Flisnes er venta å få ei moderat auke også i aldersgruppene mellom 0 – 35 år, medan det for Blindheim er venta nedgang.</p> <p>Etter at Renexhallen, Emblem kom er kommunedel Indre Borgund godt spent med hallkapasitet, jf. normtal kommunen har nytta med 1 normalidrettshall pr. 4 500 innbyggjarar.</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>Indre Borgund</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Innbyggere januar 2023 pr. kommunedel</td> <td>10 172</td> </tr> <tr> <td>Status normalidrettshallar 2023</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Hallbehov 2023 jf. norm-tall 4 500 innb. pr. hall.</td> <td>2,3</td> </tr> <tr> <td>Under <del>plan</del></td> <td></td> </tr> </tbody> </table> <p>Ein lyt også nemne rimeleg avstand til komande Spjelkavik Arena, ein</p>		Indre Borgund	Innbyggere januar 2023 pr. kommunedel	10 172	Status normalidrettshallar 2023		Hallbehov 2023 jf. norm-tall 4 500 innb. pr. hall.	2,3	Under <del>plan</del>	
	Indre Borgund													
Innbyggere januar 2023 pr. kommunedel	10 172													
Status normalidrettshallar 2023														
Hallbehov 2023 jf. norm-tall 4 500 innb. pr. hall.	2,3													
Under <del>plan</del>														

Innsendar	Gjeld tiltak	Status før behandling	Søkar si målsetting med innspelet	Kommunedirektør sine kommentarar
				<p>kommunedel med 13 563 innb. (jan. 2023) som vil ha 4 normalidrettshallflater frå hausten 2024.</p> <p>I tillegg har kommunedelen ein enkel gymsal på Flisnes, dobbel gymsal på Blindheim og dobbel gymsal (privat ved Ålesund folkehøgskule). Skulebasseng har ein på ungdomsskulen og rimeleg avstand til Moa svømmehall. Neste naturlege hallutbygging i kommunal regi i kommunedelen kan vere ved rehabilitering av Flisnes skule. Aktuell referansehall med aktivitetsflate på 16 x 24 m, lik Hessa skule (dobbelt gymsal).</p> <p>Som synleggjort over meiner kommunedirektøren at det ikkje er behov for ei intensivering og prioritering i planar/program no av ei ny kommunal normalidrettshallflate på Blindheim i eit 10-årsperspektiv. Tiltaket blir derfor ikkje tatt inn i handlingsprogrammet sin langsiktige del.</p>
9. KDU – Indre Borgund	Hundepark, i nærleik av Blindheim ungdomsskole.	Ikkje med i HPR.	Meiner det er nødvendig med hundepark i kommunedelen. sjå om det er mogleg å nytta areala rundt Blindheim ungdomsskole.	Blir tatt opp i langsiktig del. Kommunedirektøren meiner slik initiativ/etablering i kommunedelane i dei fleste høve lyt gjerast av frivillig organisasjon.
10. KDU – Brattvåg, Hildre og Søvik			Tatt til vitande.	Tatt til vitande.
11. KDU - Nordøyane			Tek saka til orientering. Det er etablert ein aktiv hundepark på Austnes, Haramsøya ved ferjekaia, drifta på dugnad.	Tatt til vitande.
12. KDU – Nørvøy, Nørvasund og Hatlane			Tek saka til orientering.	Tatt til vitande.

Innsendar	Gjeld tiltak	Status før behandling	Søkar si målsetting med innspelet	Kommunedirektør sine kommentarar
13. KDU - Ellingsøy	Rehabilitering av ballbingar, Hoffland, Vik og Stokke.	Med i HPR kortsiktig del.	Ønskjer fortgang i tiltaka.	Tiltaka er no etablert og teke ut av HPR, grunna innvilga tilsegn om spelemidlar i søknadsrunden 2023.
	Hundepark, Storåseth gard.	Ikkje med i HPR.	Om kommunen ønskjer å inngå eit samarbeid med Storåseth gård, lyt administrasjonen ta kontakt med dei.	Blir tatt opp i langsiktig del. Tatt til vitande. Kommunedirektøren meiner slik initiativ/etablering i kommunedelane i dei fleste høve lyt gjerast av frivillig organisasjon.
14. KDU – Sandøy og Fjørtoft	Tursti, Finnøy.	Med i HPR langsiktig del.	Ber om at turstien på Finnøya blir prioritert.	Blir tatt opp i kortsiktig del.
	Hundepark, Hørvedalen.	Ikkje med i HPR.	Foreslår Hørvedalen som område for hundeaktivitet og Harøy hundeklubb som mogleg tiltakshavar.	Blir tatt opp i langsiktig del.
	Park i sentrumsområdet, Steinshamn.	Ikkje med i HPR.	Forslag til nytt tiltak i kommunedelen, Inntak i HPR.	Blir tatt opp i langsiktig del. Tradisjonell park er ikkje rettmessig søker om spelemidlar, men t.d. diverse anlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet er det.
	Rehabilitering, turstiar.	Med i HPR langsiktig del.	Forslag til nytt tiltak i kommunedelen. Inntak i HPR.	Blir vidareført i HPR langsiktig del som eigne tiltak, «turstiar på Fjørtofta, Myklebust og Sandøy».
	Fiskeplassar, Finnøy-moloen.	Ikkje med i HPR.	Forslag til nytt tiltak i kommunedelen, Inntak i HPR.	Tiltaket kan ikkje søke om spelemidlar. Blir ikkje lagt inn i HPR.
	Hengekøypark.	Ikkje med i HPR.	Forslag til nytt tiltak i kommunedelen, Inntak i HPR.	Tiltaket kan ikkje søke om spelemidlar. Blir ikkje lagt inn i HPR.
	Flytande badstue.	Ikkje med i HPR.	Forslag til nytt tiltak i kommunedelen, Inntak i HPR.	Tiltaket kan ikkje søke om spelemidlar. Blir ikkje lagt inn i HPR.
15. KDU – Spjelkavik, Åse og Lerstad	Lyssetting turveg, Spjelkavikelva.	Med i HPR langsiktig del.	Inntak i HPR.	Blir ståande på langsiktig del.
	Lyssetting turveg, Lerstadvatnet.	Med i HPR som ordinært anlegg, langsiktig del.	Inntak i HPR.	Blir og tatt opp i langsiktig del, nærmiljøanlegg.
	Forlenging av Borgundfjordstien frå Sandingane til Lillevatnet.	Ikkje med i HPR.	Forslag til nytt tiltak i kommunedelen, Inntak i HPR.	Blir tatt opp i langsiktig del.
	Forlenging av Borgundfjordstien frå Sandingane vidare forbi Remvikneset.	Ikkje med i HPR.	Forslag til nytt tiltak i kommunedelen, Inntak i HPR.	Blir tatt opp i langsiktig del.
	Hundepark, Olsvika.	Ikkje med i HPR.	Foreslår Olsvika som aktuelt område for hundepark.	Blir tatt opp i langsiktig del. Kommunedirektøren meiner slik initiativ/etablering i kommunedelane i dei fleste høve lyt gjerast av frivillig

Innsendar	Gjeld tiltak	Status før behandling	Søkar si målsetting med innspelet	Kommunedirektør sine kommentarar
				organisasjon. Sjå og kommentar til Ålesund hundeforening (nr. 25).
16. KDU – Hessa, Skarbøvik og Aspøy	Hundepark	Ikkje med i HPR.	Foreslår 3 område som kan vere aktuelle for hundepark: Nellamarka/SIF stadion, Storskaret eller Hessabana.	Blir tatt opp i langsiktig del. Kommunedirektøren meiner slik initiativ/etablering i kommunedelane i dei fleste høve lyt gjerast av frivillig organisasjon.
17. SIF/Hessa IL	Rehabilitering lysanlegg x 2, Hessabana og SIF stadion.	Med i HPR langsiktig del.	Inntak i HPR, kortsiktig prioritert del.	Blir tatt opp i kortsiktig del.
	Fleirbrukshall, kunstgras fotball - normalidrettshall med garderobar også til kunstgrasbana utomhus, SIF stadion.	Ikkje med i HPR	Framheld at ein treng nok ei normalidrettshallflate i høve trening/kamp/cup, og ikkje minst for å tilby futsal. I tillegg innandørs kunstgrasbane.  Ønskjer å utvikle bruken av området ved SIF stadion, grusbana. Ser for seg ein fleirbrukshall bygd og drive i eigen regi lik Vigrhallen.  Framheld finansiering; 1/3 eigenkapital og sponsorar, 1/3 Låneopptak SIF/Hessa IL og 1/3 spelemidlar.  Vil arbeide med dette framover, for å få fram realiteten i prosjektet. Inntak i HPR, langsiktig del.	Tiltaket med innsendt informasjon kjem i tidlegaste laget for eit prosjekt av ein slik storleik. Sjølv for HPR langsiktig del, skal dette i hovudsak vere utgreidd før inntak: - behovsanalyse/- omtale - enkel tekstutgreiing av situasjonen - omtale av sjølve tiltaket - laust kostnadsanslag - laus finansieringsoversikt - framdriftsplan - aktuell tiltakshavar og ev. samarbeidspartnarar  Blir ikkje tatt opp i HPR, langsiktig del ved årets rullering.
18. Statens vegvesen			Har ingen merknad til saka.	Tatt til vitande.
19. Ellingsøy IL	Sette opp trening/plasthall over 7er bana, Nes stadion.	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR, langsiktig uprioritert del.	Blir tatt opp i langsiktig del.
20. Ålesund kommunale eige KF (ÅKE)	3 tiltak, Osane.	Med i HPR kortsiktig del.	Endra totalkostnad.	Tal justert i HPR, og tydeleggjering av innhald gjort. Endra status til ny 2024
	Kolvikbakken, 4 tiltak på idrettshall.	Med i HPR kortsiktig del.	Fornya søknad for 2024.	Søknad om spelemidlar lyt gjentakast for 2024.
	Rehab. lysanlegg, SBM Arena. Rehab. skiljeveggar, SBM Arena.	Med i HPR kortsiktig del.	Ber om status.	Båe tiltaka er no teke ut av HPR, grunna innvilga tilsegn om spelemidlar i søknadsrunden 2023.

Innsendar	Gjeld tiltak	Status før behandling	Søkar si målsetting med innspelet	Kommunedirektør sine kommentarar
	Idrettshall 25 x 45 m, takhøgd 7 m, Emblem skole.	Med i HPR kortsiktig del.	Ny søknad om spelemidlar 2024.	Har status ny 2024 i HPR. Søknad om spelemidlar lyt sendast i <a href="http://www.anleggsregisteret.no">www.anleggsregisteret.no</a>
	Fleirbrukshall – volleyballanlegg m.fl. Brutto 25 x 20 m, takhøgde 7 m, Hessa skole.	Med i HPR kortsiktig del.	Ny søknad om spelemidlar 2024.	Har status ny 2024 i HPR. Søknad om spelemidlar lyt sendast.
	1 garderobesett, mellombygg, Haramsøy skole.	Med i HPR kortsiktig del.	Vidareført i HPR. Justert totalkostnad.	Har status under utgreiing, vidareført for 2023 og kostnad er justert.
	Rehabilitering, Brattvåg svømmehall	Med i HPR kortsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareførast i HPR kortsiktig del for 2023.
	Badeanlegg, Brattvåg.	Med i HPR kortsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR kortsiktig del for 2023.
	Aktivitetssal - danseanlegg, styrketreningsrom, sosialt rom, garderobesett, sanitæranlegg og lager, Borgundveien 185 – 199.	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del.
	Volleyballanlegg 16 x 24 m, Åse skole.	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del. Tekst på tiltak justert til «Fleirbrukshall – volleyballanlegg m.fl. min. 16 x 24 m, takhøgde 7 m, Åse skole».
	Rehabilitering av kunstgras, SBM Arena.	Med i HPR langsiktig del.	Inntak i HPR, kortsiktig prioritert del.	Blir tatt opp i kortsiktig del.
	Rehabilitering av garderobeanlegg, SBM Arena.	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del.
	Klatresenter og aktivitetssal, SBM Arena.	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del.
	Påbygg, Fagerlihallen.	Med i HPR langsiktig del.	Inntak i HPR, kortsiktig prioritert del.	Blir tatt opp i kortsiktig del. Tekst på tiltak justert til «Påbygg aktivitetssalar, Fagerlihallen».
	Ekstra garderobesett, Eidet skule.	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del for 2023.
	Utvikling av uteområde, Blindheim barneskole.	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del.
Flisnes barneskule, nærmiljøanlegg, trinnvis utbygging - aktivitetsomr. 2.	Med i HPR kortsiktig del.	Vidareført i HPR.	Tiltaket er teke ut av HPR, grunna innvilga tilsegn om spelemidlar i søknadsrunden 2023.	

Innsendar	Gjeld tiltak	Status før behandling	Søkar si målsetting med innspelet	Kommunedirektør sine kommentarar
	Rehabilitering ballbinge, Hoffland.	Med i HPR kortsiktig del.	Vidareført i HPR.	Tiltaket er teke ut av HPR, grunna innvilga tilsegn om spelemidlar i søknadsrunden 2023.
	Rehabilitering ballbinge, Vik skule.	Med i HPR kortsiktig del.	Vidareført i HPR.	Tiltaket er teke ut av HPR, grunna innvilga tilsegn om spelemidlar i søknadsrunden 2023.
	Rehabilitering ballbinge, Stokke skule.	Med i HPR kortsiktig del.	Vidareført i HPR.	Tiltaket er teke ut av HPR, grunna innvilga tilsegn om spelemidlar i søknadsrunden 2023.
	Pumptrack del 1, Flisnes barneskule / Flisnes og Hatlehol nærmiljøpark.	Med i HPR kortsiktig del.	Vidareført i HPR.	Tiltaket er teke ut av HPR, grunna innvilga tilsegn om spelemidlar i søknadsrunden 2023.
	Pumptrack del 2, Flisnes barneskule / Flisnes og Hatlehol nærmiljøpark.	Med i HPR kortsiktig del.	Vidareført i HPR.	Tiltaket er teke ut av HPR, grunna innvilga tilsegn om spelemidlar i søknadsrunden 2023.
	Pumptrack del 3 - hoppelinje, Flisnes barneskule / Flisnes og Hatlehol nærmiljøpark.	Med i HPR kortsiktig del.	Vidareført i HPR.	Tiltaket er teke ut av HPR, grunna innvilga tilsegn om spelemidlar i søknadsrunden 2023.
	Skatepark del 1, Flisnes barneskule/ Flisnes og Hatlehol nærmiljøpark.	Med i HPR kortsiktig del.	Vidareført i HPR.	Tiltaket er teke ut av HPR, grunna innvilga tilsegn om spelemidlar i søknadsrunden 2023.
	Skatepark del 2, Flisnes barneskule/ Flisnes og Hatlehol nærmiljøpark.	Med i HPR kortsiktig del.	Vidareført i HPR.	Tiltaket er teke ut av HPR, grunna innvilga tilsegn om spelemidlar i søknadsrunden 2023.
	Skatepark del 3, Flisnes barneskule/ Flisnes og Hatlehol nærmiljøpark.	Med i HPR kortsiktig del.	Vidareført i HPR.	Tiltaket er teke ut av HPR, grunna innvilga tilsegn om spelemidlar i søknadsrunden 2023.
	Apejungel, uteområde, Skodje barneskule.	Med i HPR kortsiktig del.	Vidareført i HPR.	Blir vidareført i kortsiktig del.
	Turnbasseng, uteområde, Skodje barneskule.	Med i HPR kortsiktig del.	Vidareført i HPR.	Blir vidareført i kortsiktig del.
	Tarzanjungel, uteområde, Skodje barneskule.	Med i HPR kortsiktig del.	Vidareført i HPR.	Blir vidareført i kortsiktig del.
	Ballvegg/buldrevegg, uteområde Skodje barneskule.	Med i HPR kortsiktig del.	Vidareført i HPR.	Blir vidareført i kortsiktig del.
	Streetbasket, Emblem skule.	Med i HPR kortsiktig del.	Inntak i HPR, kortsiktig prioritert del.	Blir vidareført i kortsiktig del som eige tiltak.
	Bordtennisbord fast, Emblem skule.	Med i HPR kortsiktig del.	Inntak i HPR, kortsiktig prioritert del.	Blir vidareført i kortsiktig del som eige tiltak.



Innsendar	Gjeld tiltak	Status før behandling	Søkar si målsetting med innspelet	Kommunedirektør sine kommentarar
	Parkouranlegg, Emblem skule.	Med i HPR kortsiktig del.	Inntak i HPR, kortsiktig prioritert del.	Blir vidareført i kortsiktig del som eige tiltak.
	Hinderløype/aktivitetsløype, Emblem skule.	Med i HPR kortsiktig del.	Inntak i HPR, kortsiktig prioritert del.	Blir vidareført i kortsiktig del som eige tiltak.
	Lysanlegg, Emblem skule.	Med i HPR kortsiktig del.	Inntak i HPR, kortsiktig prioritert del.	Blir vidareført i kortsiktig del som eige tiltak, tillegselement.
	Mindre skibakkar, Emblem skule.	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR, kortsiktig prioritert del.	Blir tatt opp i kortsiktig del.
	Vatningsanlegg, islegging for skøyteaktivitet, Emblem skule.	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR, kortsiktig prioritert del.	Blir tatt opp i kortsiktig del.
	Barne- og ungdomskuler, uteareal.	Med i HPR langsiktig del.	Stiller spørsmål om status.	Blir tatt ut av HPR.
	Nærmiljøanlegg, Hessa skole.	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del.
	Tursti frå Byfogd Rønnebergs veg, Borgundveien 185 – 199.	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del.
	Nærmiljøanlegg, Brisningstubben.	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del.
	Konstruksjon til aktivitet (for sand, vatn, transport og konstruksjon), Skodje barneskule.	Ikkje med i HPR	Inntak i HPR.	Tiltaket kan ikkje søkje om spelemidlar. Blir ikkje lagt inn i HPR.
	Soneinndelt ballområde, Skode barneskule.	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del.
	Ballbinge, Skodje barneskule.	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del.
	Nærmiljøanlegg 1, Skodje ungdomsskule.	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del.
	Nærmiljøanlegg 2, Skodje ungdomsskule.	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del.
	Nærmiljøanlegg 1 Eidet skule.	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del.
	Diverse nærmiljøanlegg, Osane.	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR, kortsiktig prioritert del.	Blir tatt opp i kortsiktig del som eigne tiltak.
21. Kyrkjeskaret AS / IL Ravn og foreningen Trivsel i Sentrum	Ishall, Eidet	Med i HPR langsiktig del.	Inntak i HPR.	Står allereie i HPR, blir vidareført for 2023. Tiltak meldt av fleire partar er justert. Tiltakshavar er ikkje oppgitt.
	Opplæringsbasseng, Eidet	Med i HPR langsiktig del.	Inntak i HPR.  Framheld at ishall og basseng kan dra nytte av kvarandre når det gjeld energi (kulde/varmeutveksling). Legg ved ein rapport frå OPV consulting «Ålesund kommune, badeanlegg	Står allereie i HPR langsiktig uprioritert del, blir vidareført for 2023. Tiltak meldt av fleire partar er justert.  Tatt til vitande. Haram kommune lyt vedta eigen/eige plan/program frå 2024. Tiltak skal vere omtalt i ein kommunal plan for å vere rettkomen til å søkje om

Innsendar	Gjeld tiltak	Status før behandling	Søkar si målsetting med innspelet	Kommunedirektør sine kommentarar
			Brattvåg – revidert analyserapport» datert 15.02.2021.	spelemidlar. Korleis planarbeidet blir gjort er Haram kommune sin sak då.
	Fotballhall, 11er / fleirbrukshall	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR.	Fotballhall blir tatt opp i HPR langsiktig uprioritert del for 2023. Tiltak meldt av fleire partar er justert. Tiltakshavar er ikkje oppgitt.
	Padeltennishall.	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR.	Blir tatt opp i HPR langsiktig uprioritert del for 2023. Tiltakshavar med næring som formål kan ikkje søkje om spelemidlar til tiltaket. Tiltakshavar er ikkje oppgitt.
	Friidrettsanlegg, friplassen ca. 40 x 70 m.	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR.	Blir tatt opp i HPR langsiktig uprioritert del for 2023. Tiltakshavar er ikkje oppgitt.
	Roarena/roanlegg, Engesetdalsvatnet	Med i HPR langsiktig del.	Påminning, vidareføring i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del for 2023.
	Leikeland for småskule.	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR.	Anleggstypen «leikeland» - leikeplassutstyr er ikkje rettkomen til å søkje om spelemidlar. Blir ikkje tatt inn i HPR.
	Oppgradering, frisbeegolfbane.	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del.
	Trimpark, «Tuftepark».	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del.
	Skateanlegg.	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del.
	BMX-bane.	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del.
	Rehabilitering, turveg - gml. postvegen.	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del.
	Rehabilitering av tursti, 1,1 km frå gml. grushole – Hoppbakken – gml. Lysløype – Vatnevatnet.	Med i HPR, kortsiktig del	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR kortsiktig del.
	Tursti, ca. 720 m frå Landbruksvegen – Tungebukta – Tungespissen.	Med i HPR langsiktig del.	Vidareført i HPR.	Vidareført i HPR langsiktig del.
22. Møre og Romsdal fylkeskommune	Liten aktivitetspark, med belysning, Spjelkavik Arena.	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR, kortsiktig prioritert del.	Blir tatt opp i kortsiktig del, ordinært anlegg.
	Buldrevegg i idrettshall, min 100 m2, Spjelkavik Arena.	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR, kortsiktig prioritert del.	Blir tatt opp i kortsiktig del, ordinært anlegg.

Innsendar	Gjeld tiltak	Status før behandling	Søkar si målsetting med innspelet	Kommunedirektør sine kommentarar
	Idrett- og servicebygg, frittstående lagerbygg, min 50 m2, Spjelkavik Arena.	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR, kortsiktig prioritert del.	Blir tatt opp i kortsiktig del, ordinært anlegg.
	Turveg, samanbinding Spjelkavik idrettspark, Spjelkavik arena – hoppbakkane. Lysanlegg som tilleggselement.	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR, kortsiktig prioritert del.	Blir tatt opp i kortsiktig del, nærmiljøanlegg.
	Generelt innspel til HPR frå planavdelinga.		Nye prosjekt eller prosjekt som er under utgreiing må avklarast i forhold til automatisk freda kulturminne. Det vil seie at arealet tiltaket skal leggst i eventuelt må undersøkast for ukjente kulturminne, eller om det allereie ligg registrerte kulturminne i området. Dette skal avklarast med sakshandsamar i kulturavdelinga ved Møre og Romsdal fylkeskommune. Disse avklaringane bør skje tidleg i planleggingsprosessen, slik at ein kan løyse ei eventuell konflikt med justeringar eller endringar i planleggingsprosessen.	Tatt til vitande.
23. Naturstiens venner, Harøy og Sandøy	Turstiar på Finnøy del sør.	Med i HPR langsiktig del.	Inntak i HPR, kortsiktig prioritert del.	Blir tatt opp i kortsiktig del.
	Turstiar på Finnøy del nord.	Med i HPR langsiktig del.	Inntak i HPR, kortsiktig prioritert del.	Blir tatt opp i kortsiktig del.

Innsendar	Gjeld tiltak	Status før behandling	Søkar si målsetting med innspelet	Kommunedirektør sine kommentarar
24. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Generelt innspel til HPR.		<p>Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.</p> <p>Minner om at alle fysiske tiltak skal vurderast i forhold til søknadsplikt etter pbl. §20-1, bokstav a-m. Byggetiltak krev som hovudregel søknad og løyve frå kommunen. Terrenginngrep utan byggverk eller konstruksjonar, kan vere søknadspliktige dersom verknad og omfang av tiltaket tilseier det. Verknad vil kunne variere ut frå området sin sårbarheit og eksponering. Eventuelt krav om søknad vil difor vere ei skjønsvurdering for kommunen i den enkelte sak. Vi gjer vidare merksam på at det av plan- og bygningslovens §1-6, går fram at eitkvart tiltak skal vere i samsvar med lovens bestemmelser og tilhøyrande forskrifter og planar. Dersom tiltak ikkje er i samsvar med føringar i som ligg til desse områda i planar og lovverk, må det søkjast dispensasjon.</p>	Tatt til vitande.
25. Ålesund hundeforening	Hundepark, Spjelkavik.	Ikkje med i HPR.	Treng nytt område til hundepark da arealet dei nyttar i dag er råka av Spjelkavik arena og Brusdalskjønnet. Dei foreslår to aktuelle område. Friområdet som grenser mot Ålesund Jeger- og sportsfiskerforening	Blir tatt opp i langsiktig del. Kommunedirektøren meiner slik initiativ/etablering i kommunedelane i dei fleste høve lyt gjerast av frivillig organisasjon. Ålesund hundeforening har tatt direkte kontakt med

Innsendar	Gjeld tiltak	Status før behandling	Søkar si målsetting med innspelet	Kommunedirektør sine kommentarar
			sør/vest for Holsmyrvegen 60 og/eller området ved sidan av barnehagen/trimparken. Dersom ikkje nokon av dei er aktuelle, ønskjer ein eit anna område i Spjelkavik.	kommunen, og dialog/løyve om bruk av eigna grunn tek til hausten 2023. Sjå og kommentar til KDU – Spjelkavik, Åse og Lerstad (nr. 15).
26. Ålesund idrettsråd			<p>Takkar for at ein fekk ekstra tid utover innspelfristen.</p> <p>Generelt: Aktørar som er medlem i Noregs idrettsforbund (NIF) bør prioriterast i HPR.</p> <p>Fleire har ikkje motteke høyringa frå Ålesund kommune.</p>	<p>Tatt til vitande.</p> <p>Delvis imøtekomen. Ein nyttar følgjande prinsipp:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjentakande søknad</li> <li>- Forny søknad</li> <li>- År for utbygging</li> <li>- Kommunale og statlege insitament (t.d.. friluftsliv).</li> <li>- Idrettspolitisk historikk (t.d. Osane).</li> <li>- Betydninga for tiltaket (behovsvurdering).</li> <li>- Fylkeskommunen si innstilling i kultur-, næring og folkehelseutvalet 08.06.2020. Så, om tiltak av organisasjon som er medlem i NIF har lik status som andre tiltak, blir dei i fleste høve prioritert framom.</li> </ul> <p>Høyring er sendt i Digipost, e-post og gjort kjend i media, som Sunnmørsposten og kommunens SOME-kanalar.</p>
	FrIIDrettsanlegg, Ålesund storhall SBM Arena.	Ikkje med i HPR	Rehabilitering av frIIDrettsfasilitetane i Ålesund storhall bør inn i dei kortsiktige prioriteringane og sikrast finansiering i denne runden. Desse er per i dag i så dåleg forfatning at dei ikkje kan nyttast til formålet, noko som går utover moglegheitene til idretten. Det kom også eit pålegg frå Kultur- og likestillingsdepartementet på å sette dei i stand snarast råd.	<p>Samd, tiltaket blir lagd inn i HPR, kortsiktig prioritert del med status under utgreiing.</p> <p>ÅKE lyt følgje opp pålegget frå Kultur- og likestillingsdepartementet.</p>

Innsendar	Gjeld tiltak	Status før behandling	Søkar si målsetting med innspelet	Kommunedirektør sine kommentarar
	Fasilitetar Aalesunds roklub, bryggje Nørvasundet.	Ikkje med i HPR	Inntak i HPR kortsiktig del.	Blir tatt opp i kortsiktig del, med status under utgreiing.
	Lager, Ørskog IL	Ikkje med i HPR.	ÅIR framheld på vegne av Ørskog IL at tiltaket før kommunesamanslåinga låg i HPR for Ørskog kommune. Påstår at tiltaket har kome vekk frå lista, og at det var lova vidareført. Ørskog IL etterlyser kvifor? Ønskjer at tiltaket skal inn i HPR.	Påstanden om at tiltaket låg inne i HPR for Ørskog kommune stemmer ikkje. Sjå * under kva for tiltak som var inne i HPR til Ørskog kommune ordinære anlegg ved samanslåinga. Tiltaket blir lagt inn i HPR, langsiktig del.
	Utviding av Moa svømmehall	Med i HPR langsiktig del.	Syner til at det er gjort eit arbeid med arkitekt i regi av Aaslk (Mogelegstudie), og at rådet ønskjer tiltaket inn i HPR. Framheld at Aaslk har ei oppfatning av at tiltaket låg inne i kommunale prioriteringar. Ei intern prosjektgruppe blir no sett ned i Aaslk som skal arbeide med prosjektet. Usikker på kor nær ei realisering er. Idrettsrådet ber om dialog mellom kommunen og Aaslk.  Aaslk jobbar med budsjett.	Tiltaket ligg allereie i HPR, langsiktig uprioritert del.  Ein mogelegstudie syner greitt Aaslk sine behov/ønskjer, men her er også andre som må bli involvert, medverke og synast.  Tiltaket ligg ikkje inne i økonomiplanperioden – 2031.  Tiltaket vart grundig kommentert førre år, og ein opna for ein metodikk for utgreiing/forprosjekt. Tida er overmoden for at Aaslk tek kontakt med eigar ÅKE, basert på dette. Innspel og kommentarar frå førre år står seg enno og kan sjåast under **  Kommunedirektøren ber om at Aaslk ikkje brukar fleire ressursar, før ein har hatt innleiande møter med eigar ÅKE og einast om steg. Utgreiing/forprosjekt skal synleggjere behovet til alle brukarinteressene, ikkje berre ei særinteresse.

Innsendar	Gjeld tiltak	Status før behandling	Søkar si målsetting med innspelet	Kommunedirektør sine kommentarar
-----------	--------------	-----------------------	-----------------------------------	----------------------------------

\*

## Handlingsprogram / prioritering av anlegg 2020-2022

### Ordinære anlegg

#### Nye anlegg og område for idrett og fysisk aktivitet / friluftsliv

Forkortingar: S = speleimdlar (stat/fylke) K = kommunalt tilskot P = privat / dugnad

Pr	Organisasjon	Anleggstype	Investering kostnad i 1000 kr	Søknad sum	2020			2021			2022			Status
					K	S	P	K	S	P	K	S	P	
1	Friluftsrådet	Ørskog kommune / ØIL	16.2000	3.000	9.470	3.000	3.730							Planlagt oppstart august-2019 med atterhald for indrettsfunksjonell førehandsgodkjenning
2	Ørskog skyttarlag	Skytebane Brauta Støydempande tiltak mm.												Under planlegging
3	Ørskog Køyre og rideklubb	Klubbanlegg	19.200	6.400		6.400	12.800							Ingen dokumentasjon på kostnader
4	Lauparen	Løypetrase	50											Ikkje klar
5	Friluftsrådet	Varmestove Mevatnet/Svart												
6	Friluftsrådet	Toalett Ørskogfjellet												

Vedteke i KS sak 31/19

\*\*

Innsendar	Gjeld tiltak	Status før behandling	Søkar si målsetting med innspelet	Kommunedirektør sine kommentarar
3. Aalesund svømme- og livredningsklubb	Utviding av Moa svømmehall med 2 basseng (konkurranserbasseng 25 m x 8 baner og opplæringsbasseng med rullestolrampe 12,5 x 8,5 m). Garderobeanlegg, tribune, klubblokale, kontor, møterom, fellesareal, lager og tekniske rom.	Ikkje med i HPR.	Inntak i HPR.  Påpeiker kapasitetsmangel på anlegg for svømmeopplæring, trening og konkurranse. Mangel på anlegg gir ventelister for opplæring.  Utfordrande å gi ønskja tilbod både til bredde- og toppidretten. Aasik manglar klubbfasilitetar til å byggje vidare klubbkultur.  Moa som sentral knutepunkt i kommunen for eit større svømmeanlegg. Nedslagsfelt.  Syner til døme frå liknande anlegg at ei slik tenkt utviding krev ca. 1600 – 1700 m <sup>2</sup> grunnflate og eit bruksareal på ca. 3300 – 3500 m <sup>2</sup> .	Blir tatt opp i langsiktig, uprioritert del.  Kommunedirektøren er samd i at det er kapasitetsmangel og at det gir utfordringar for ulike målgrupper, også publikumsbading.  I kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2017 – 2021 i kap. 9,2 – tiltak til nærare utgreiing står det «Tiltak - Moa svømmehall, rehabilitering/utvidelse. Oppfølging – utredes av ÅKE og vñ, kultur i fellesskap. Investeringsbehov fremmes i budsjettssammenheng».  Ei slik utgreiing har kommunen sin administrasjon valt å vente med, inntil investeringskostnad er vedteken i budsjett/økonomiplan. Dette gjeld både midlar til utgreiing/forprosjekt og
			Aasik tenkjer garderobeanlegg som delvis nybygg og ombygging av eksisterande garderobar.  Antek at direkte tilknytning til eksisterande anlegg vil vere gunstig med tanke på drift og kommunal bemanning.  Aasik har utarbeidd og lagt ved enkle skisser som syner forslag til situasjonsplan og planløyising.  Estimerte prosjektkostnadar (eks. tomtekostnad) er ca. 220 – 250 mill. kr inkl. mva (2021 kroner).  Spelemidlar i storleik 25 – 30 mill. kr. MVA-kompensasjon for delar av anlegget om det er eit reint kommunalt anlegg.           Ønskjer å få avklart i det vidare arbeidet om prosjektet kan bli gjennomført som eit reint kommunalt anlegg, eller om det skal vere eit samarbeid mellom kommune og eksterne investorar?	sjølve investeringskostnadane for tiltak.  Kommunedirektøren vil ikkje starte opp ei utgreiing/forprosjekt i kommunal regi før ei slik bestilling ligg føre politisk.  Kommunen er like fult open for å sjå på andre løysingar for å realisere utgreiing/forprosjekt, kor t.d. Aasik skaffar midlar frå eksterne investorar som nyttast til privat konsulentfirma som utarbeider dette. Her lyt kommunen sine fagfolk innan temaet nyttast som ressurspersonar. I tillegg naudsynt deltaking i styrings- og arbeidsgrupper. Medverknad frå ulike målgrupper er påkravd, slik at ein sikrar ei utviding med dei naudsynte funksjonelle anleggstiltak for alle målgrupper av Moa svømmehall for framtida.  Utgreiing/forprosjekt vil gje administrasjonen i kommunen/ politikarane eit naudsynt og godt grunnlag for i det heile å kunne leggje inn forslag om investering – driftskostnadar til anleggsutviding ved Moa svømmehall i framtidige budsjett/økonomiplanperiodar.  Det er i utgangspunktet ønskeleg å klare å dekke investeringskostnadane i kommunalt budsjett. Men ein opnar sjølvsagt opp for eit samarbeid mellom det offentlege og det frivillige/private når det gjeld delte investeringskostnadar om det er tenleg.  Uansett på kva for ein måte finansiering av utgreiing/forprosjekt og sjølve anleggsutvidinga kan skje, skal Aalesund kommune eige anlegget og ha det fulle og heile driftsansvaret.

Sakshandsama av: Lina Marie Brathaug Frantzen (nærmiljøanlegg) og Jens Arne Gjørsvik (ordinære anlegg).